



Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS  
Rosslandsvegen 364  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2657 - 19/37577

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
19.12.2019

## Ferdigattest for oppføring av einebustad med sokkelleilegheit og garasje - gbnr 185/297 Isdal

### Administrativt vedtak. Saknr: 769/19

**Tiltakshavar:** Stian Simonsen  
**Ansvarleg søkjar:** Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka om dispensasjon og løyve til oppføring av einebustad med sokelleilegheit og garasje, datert 22.11.2019. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottatt 11.12.2019 samt ferdigattest for grunnarbeid og natursteinmur i sak 2009/289, datert 13.12.2019. Godkjent ferdigmelding til offentleg vatn- og avløp vart gjeve den 19.12.2019 med førespurnad om å få sendt inn innmålingsdata frå husvegg til tilknytingspunkt.

### Skildring

Adresse:	Orresteinen 18A og 18B
Bygningstiltak:	Einebustad
Bygningsnummer:	300718417
Bruksareal:	319m <sup>2</sup>
Avlaup:	offentleg
Vatn:	Offentleg

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for oppføring av einebustad med sokkelleilegheit og garasje på gbnr 185/297.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.



**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/2657

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS	Rosslandsvegen 364	5918	FREKHAUG
Stian Simonsen	Oterdalen 24 A	5914	ISDALSTØ
Stian Simonsen	Oterdalen 24 A	5914	ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS	Rosslandsvegen 364	5918	FREKHAUG
-----------------------------------	-----------------------	------	----------